



Historiesyn, lesing og opplysning: Lokal historieforståing i Noreg midt på 1700-talet.

History, Reading and Enlightenment: Local Historiographical Culture in Norway in the 18th Century.

Leidulf Melve

Professor i historie, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

leidulf.melve@uib.no

Samandrag

Artikkelen drøftar antikvarisk medvit, historiesyn og opplysningstankar i Noreg midt på 1700-talet. Perspektivet er lokalt, sidan kjeldematerialet er norske embetsmenn sine svar på det store dansk-norske kartleggingsprosjektet i 1743. I tillegg til å diskutere den historieforståinga som målber seg i dette materialet, er artikkelen eit bidrag til bokhistorie og lesehistorie – i kraft av ei kartlegging av *kva* historisk-topografiske verk embetsmennene hadde tilgang til, og *korleis* denne litteraturen blei lest.

Nøkkelord

Historieforståing, bokhistorie, lesehistorie

Abstract

The article discusses antiquarian mentality, thoughts on history and the Enlightenment in Norway in the 18th century. The perspective is local, since the source material consists of Norwegian civil servants' replies to the Danish-Norwegian attempt to survey the (topographical) richness of Norway. In addition to discussing the local historiographical culture, the article is also a contribution to the fields of book history and history of reading – pursuant to a survey of *what* historical-topographical works the civil servants had access to and *how* this literature was read.

Keywords

Historiography, book history, history of reading

Innleiing

Antiqviteter maa leedes effter andre stæder endi Romsdalen, uden hist og her findes opreiste steene og stoere sammenkastede steenhobe, runde jordebøyer og deslige, om hvilke hvad er at judicere, har vor nafnkundige magister Jonas Ramus iche glemt i sin critica, og findes udj hans *Norvegia antiqva*, samt andre korte norgisbeskrivelse herom.¹

Slik svara amtmann i Romsdal, Christian Ulrik Tønder, på eit spørsmål om kva som fanst av antikvitetar i amtet. På byrjinga av 1740-talet fekk lokale embetsmenn i oppgåve frå den

1. Mordt 2008: 29.

dansk-norske staten å svare på ei rekkje spørsmål. Det dreidde seg for stiftsamtmennene om 43 spørsmål, medan amtmennene skulle uttale seg om 36. Svar kom frå alle fire stiftsamta, men i det overleverte materialet dominerer dei frå Akershus. Trondheim stift er særleg svakt representert, medan Kristiansand stift og Bergen stift hamnar i ein mellomposisjon.² Spørsmåla føyer seg inn i ei rekkje av kartleggingar på 1700-talet – med mål om å «løfta fram norske rikdomar».³ Spørjeundersøkinga frå 1743 skulle utgjere råmaterialet i eit stort topografisk verk om Noreg i ni band, men av ulike grunnar blei det einaste handfaste resultatet Erik Johan Jessens *Det kongerige Norge fremstillet efter dets naturlige og borgerlige tilstand* (1763).⁴ Kartleggingsprosjektet var i all hovudsak oppteken av det topografiske og det økonomiske. Det er berre avslutningsvis, i spørsmål formulerte av Hans Gram, at merksemda retta mot «gamle konge-breve eller privilegier» (spm. 40) og «om nogen antiqviteter findes i amtet» (spm. 41).⁵

Langt dei fleste har lite å melde på desse punkta: Amtmann Tønder meiner som sagt at «Antiqviteter maa leedes effter andre stæder», medan visepastor Stevelin Reutz i Herøy prestegjeld slår fast at: «Her findis aldellis in(gen) antiqviteter.»⁶ Av 170 svar meldte heile 129 at det ikkje fanst noko som helst av historisk interesse i distriktet.⁷ Eit slikt negativt funn er i seg sjølv interessant innanfor ramma av denne undersøkinga, som er oppteken av nettopp å kartleggje ei lokal forståing av historiske monument og historie. Medan undersøkingar av 1700-talets topografiske litteratur og historieskriving dei siste tiåra har auka vår kunnskap om den skrivande eliten, veit me framleis lite om lokal historieførståing.⁸

Det er her denne vesle undersøkinga finn si plass – eit bidrag lokal historieførståing – men òg i felta bokhistorie og lesehistorie.⁹ Der bokauksjonar og skiftemateriale gjer eit inntrykk av *kva* som fanst av bøker, kan svara frå embetsmenna seie noko om *korleis* det blei lest. Embetspersonane som fekk i oppgåve å svare på spørsmåla, stod, med to unnatak, fjernt frå den skrivande eliten. Sokneprestar utgjorde det klart største innslaget – 130 i talet – men òg sorenskrivarar (15) og fogdar (19) stod for fleire av svara. Svara syner, ikkje uventa, stort mangfald.¹⁰ For det første er det skilnad i talet på svar frå dei ulike stifta. Mønsteret er at det er dei større stifta, gjerne med sentrale administrative funksjonar, som melder tilbake. Dess lenger nord, dess færre svar. For det andre er det stor skilnad med omsyn til kor fyldige svara er. Svara frå prestane er generelt mindre fyldige enn dei frå amtmenn, fogdar og sorenskrivarar.¹¹ To av svara utgjer som nemnt unnatak: Dei frå stiftamtmannen i Stavanger, Bendix de Fine, og frå fogd Iver Wiel i Ringerricke og Hallingdalen fogderi, er utfyllande historisk-topografiske undersøkingar. Sjølv om mange har lite å melde, gjev svara innsikt i korleis lokale embetsmenn, i all hovudsak med rudimentær utdanning, nærma seg spørsmål som har å gjere med historie, historiesyn og refleksjon kring fortida.

2. Herstad 2003: 17.

3. Djupedal 1950: 291; Supphellen 2010: 88; Maliks 2011: 163–164; Mikkelsen 2018. To personar utgjer i følgje Supphellen den viktigaste drivkrafta bak innsamling- og kartleggingsrørsla, nemleg Johan Ludvig Holstein og Adam Gottlob Moltke (Supphellen 2010: 89–91).

4. Jessen 1763 framstiller sjølv opphavshistoria til verket i innleiinga. Sjå òg Herstad 2008: 9–10.

5. Røgeberg 2003: 52.

6. Mordt 2008: 63.


7. 18 svar er særskilte knappe, og prestane er dei som har minst å melde om det historiske (Rian 2010: 103–104).

8. Larsen 1999; Jørgensen 2008; Sejersted og Olden-Jørgensen 2014; Eriksen 2007, 2020.

9. For eit utval av nyare bok- og lesehistorie, sjå Fet 1995; Eide 2009; Dahl 2010; Byberg 2011, 2017; Krefting, Nøding og Ringvej 2014; Bull 2015; Vasstveit 2016.

10. I følgje Eliassen 2010: 86 bør materialet helst nyttast som leivning, og det bør ikkje «tas for fullstendige eller objektive beretninger om landets tilstand ved midten av 1700-tallet».

11. Dette forklarar Rian 2010: 97 med mindre distrikt, meir avgrensa råmateriale og truleg òg «det intellektuelle nivået i den norske geistligheten».



Illustrasjon 1. Tittelbladet til Erik Johan Jessens topografiske verk, *Det Kongerige Norge fremstillet efter dets naturlige og borgerlige Tilstand* (1763).

Kilde: Erich Johan Jessen, *Det Kongerige Norge fremstillet efter dets naturlige og borgerlige Tilstand*, København 1763.

Antikvarisk materiale og antikvarisk medvit

Ei interesse og eit medvit om det antikvariske dukka ikkje brått opp i Noreg på 1700-talet, men kan førast tilbake i alle fall til 1500-talets historisk-topografiske litteratur. Denne litteraturen, som starta med byhistorier – *Hamarkronika* og *Bergen Fundas* frå midt på 1500-talet – breidde om seg på 1600-talet og fekk i løpet av 1700-talet eit formalisert uttrykk.¹² I ljøs av eit slikt rikt materiale er det ikkje vanskeleg å vere samd med Øystein Rian når han hevdar at «det var et trist bilde embetsmennene gav av den tids Norge».¹³ Amtmann Tønder og visepastor Reutz, som båe har lite å melde når det gjeld antikvitatar, er utvilsamt representative figurar. Sjølv om det er store skilnader på svara med omsyn til fylde og detaljar, er det vanskeleg å konkludere annleis enn at det stod dårleg til med kunnskap om antikvitatar i Noreg i 1743. Kva rekna så embetsmenna som ein antikvitet? Sjølve omgrepet volda openbart utfordringar. Sorenskrivar Gjert Falch i Eiker, Modum og Sigdal sorenskriveri, til dømes, er ærleg når han rapporterer at han slett ikkje er sikker på kva som kan reknast som

12. For oversikter, sjå Sandnes 1970 og Supphellen 1979.

13. Rian 2010: 104.

ein antikvititet: «Disse forestaaende ting de ieg ikke veed, om kand regnes iblandt curiositeter eller antiqviteter, eller om kand agtes for nogen af deelerne...»¹⁴ Det er òg dei som forstår kva som blir etterrøka, men som rett og slett vurderer seg for lite kompetente til å gje utfyllande svar. Det er i ein slik samanheng at byfogd Nils Schindtler i Tønsberg omtalar seg sjølv som «leeg og ustuderet».¹⁵

Ingen av svara inneheld noko som liknar på ein definisjon av antikvititet. Det er kanskje heller ikkje å forvente – ikkje minst i ljøs av at det ikkje fanst *ei* samtidig forståing av antikvititet og det antikvariske.¹⁶ Mange embetsmenn har likevel ei sams *oppfatning* av kva det blir spurt etter. Materialet tilkjennegeiv tre hovudtypar av «curiositeter eller antiqviteter». Det dreier seg for det første om religiøse monument, til dømes kyrkjer eller kloster. Prestenke Clara Cassuben frå Hjørundfjord kapellani melder om fleire fleire «af hugne marmorstene muurede kircker og clostere» plassert der «kircken og præstegaarden nu allene ligger».¹⁷ Den andre hovudtypen av antikvarisk materiale omfattar meir eller mindre kuriøse monument. Fogd Kornelius Korneliussen i Råbyggelag fogderi i Aust-Agder melder i den samanhengen at: «Antiqviteter findes ej af nogen raritet, undtagen paa |-samme-| /nogle\ bøndergaard iblant, kand findes een gammel hielm, eller et gammelt slagsverd...»¹⁸ Slike referansar finst det fleire av,¹⁹ med det til sams at historisk kontekst er fråverande – lokal så vel som nasjonal. Den tredje typen monument er runer- og runeinnskrifter. Runer blir gjerne «aftegnede», delvis knytt til ønsket om å etablere desse i det kollektive minnet, men òg som eit resultat av at fleire embetsmenn ikkje forstod runeskrift.²⁰

Medan spørsmål 41 dreidde seg om antikvitetar, ber spørsmål 40 om «een kort fortegnelse paa gamle konge-breve eller previlegier, som enhver kiøbstæd kand have i sit archiv».²¹ Berre 14 svar viser kjennskap til slikt arkivmateriale. Endå færre er dei svara som faktisk gjev oversikt og samandrag av brev og privilegium. Her er talet så lågt som åtte, sjølv om det skal leggast til at somme av desse svara er så fylldige at dei truleg må vere baserte på fungerande arkiv.

Kva tenkte embetsmenna om denne kjeldesituasjonen? Er det mogeleg å finne spor etter eit antikvarisk medvit i svarmaterialet? Sjølv om det ikkje er vanskeleg å lese ein viss frustrasjon og resignasjon i dei mange variantane av «Antiqviteter maa leedes effter andre stæder», er det få som reflekterer over tap av materiale. Ikkje overraskande dukkar dei fleste observasjonane opp i dei lengste svara, dei til Iver Wiel og Bendik Christian de Fine. I det som mest er eit føreord, startar Wiel med å fortelje om korleis han har arbeidd med prosjektet.²² Han fortel at han «har igiennemlæst eendeel historiske bøger, og derved erfahret hvor stoer mangel vi har paa saadanne chorographiske skriffter, der giver os nogen udførlig og paalidelig underretning, om vores eget fæderneland...».²³ Wiel rettfærdiggjer altså, som den einaste,

14. Røgeberg 2005: 247.

15. Røgeberg 2005: 323.

16. For diskusjonar som peiker på feltets mangfald, men som samstundes forsøker å avklare omgrep som antikvititet, antikvar og antikvarisme, sjå Woolf 2003:181; Parry 1995: 9; Vine 2010: 16.

17. Mordt 2008: 79. Kapellan Hans Jørgen Helsinga frå Frosta prestegjeld rapporterer: «Om nogen særdelis antiqvitet har jeg ej hørt der at findes, uden den gamle muur af Tutterøecloster» (Mordt 2008: 14).

18. Det er i alle fall det fogd Anders Tostrup i Lister og Mandal amt i Vest-Agder gjev til kjenne ved å overlate til «den lærde læser...at raisonere» (Løyland 2006: 27–28).

19. «Som en curieus antiqvitet kand deet og anføres...» (Mordt 2008: 79).

20. Løyland 2006: 58.

21. Røgeberg 2003: 52.

22. Sjø Eriksen 2020: 152–178 for ei utfyllande analyse av Wiels historiske prosjekt.

23. Røgeberg 2005: 89. Wiel vender tilbake til den magre kjeldesituasjonen i samband med ein diskusjon om ein stein som han meiner fungerte som «skielnesteen» mellom kongane Hande og Ring: «Dette ønskede ieg gjerne at kunde forklare herhos, men da saadanne skriffter, der kand give nogen ræt oplysning, om denne gamle skriverart, ere baade faae, saa og derhos meget rare, at mand sielden kand komme over dem, maae mangel en som gjerne havde lyst, til at efftersøge antiqviteter, renucere paa sin appetit» (Røgeberg 2005: 114–115).

prosjektet som eit opplysningsprosjekt, samstundes som han definerer det opp mot det nasjonale. Til samanlikning er den samtidige topografiske litteraturen og historieskrivinga både i Noreg og andre stader gjennomsyra av slike tankar om korleis innsamling av historisk materiale leier til opplysning, som i siste instans er til det beste for «eget fæderneland».²⁴

For de Fine, som til liks med Wiel tok oppgåva seriøst og enda opp med ei topografisk orientert byhistorie over Stavanger,²⁵ er det eit lokalt perspektiv som dominerer. I den grad svara tek opp eit av dei grunnleggjande spørsmåla i den nasjonale forteljinga, nemleg historisk opphav, er dei opptekne med det lokale. I så måte skil de Fine seg frå engelske byhistorier frå 1700-talet, som i mindre grad innlemma det lokale og det nasjonale.²⁶ De Fine er såleis oppteken av å synleggjere at Stavangar både er gammal og var langt større og rikare i tidlegare tider. Dette lokale perspektivet slår òg inn når de Fine reflekterer over kvifor det finst så få antikvitetar:

Dette er een rigtig beskrivelse over alle de nu forefindende antiqvitetær og monumenter efter de gamle forfædre i Jæderen og Dahlnernes fogderie, som visseligen havde dog været langt fleere, dersom efterkommerne baade i de fremfarne, saavel som disse tiider ikke saa skiødesløs havde spolieret een hoben af deslige rare og gamle monumentis...²⁷

De Fine har ikkje høge tankar om det antikvariske medvitet til tidlegare generasjonar. Eit slikt medvit, uttrykt i iveren etter å samle inn og kategorisere alle typar fortidige monument og leivningar, dukka som nemnt opp i Noreg på 1500-talet og breidde ytterlegare om seg på 1600-talet. Fortidsgranskarar – historikarar så vel som dei med topografisk orientering – var ikkje lenger berre opptekne av å gje omtrentlege oversikter, men byrja å leite, samle inn og gje systematiske oversikter over historisk materiale.²⁸ Eit slikt antikvarisk medvit var, om me følgjer de Fine, fråverande i Stavanger amt.²⁹ Det at så mange av embetsmenna ikkje kunne melde tilbake om antikvitetar, kan tyde på at de Fine har eit poeng.

Den magre stoda skuldast ikkje berre mangel på kunnskap og fråvær av antikvarisk medvit. Ei rekkje monument, særleg dei i skrift, gjekk tapt av andre grunnar. Stiftsamtmann Fredrik Otto von Rappei Akershus stift og amt seier at monument «...ere af tiidernes ælde fortæret og borte vid...»,³⁰ medan sokneprest Paul Hanse Hiort ved Askim prestegjeld slår fast at: «Ved kaldet findes ingen gamle brevve, hvilche om her tilforn har været, ere med præstegaarden 1690 opbrændte.»³¹ I tillegg til desse to faktorane peiker Prost Johan Isaksen Cold på konsekvensane av krigføring: «Men de gamle krige, som stetse her fremfor andre steder i riget har grasseret, har ruineret og bragt alting i forglemmelse, ja endog forfædrenes nafne og minde...»³² Slike observasjonar og refleksjonar må bli vurderte som det dei er, som lokale perspektiv. Kvar på sin måte viser dei til eit gryande lokalt antikvarisk medvit, i nokre høve truleg vakt til live gjennom spørsmåla frå den dansk-norske staten.

Forklaringane som embetsmenna har presentert, har dreidd seg om ein kombinasjon av manglande antikvarisk medvit og eksterne faktorar i form av slitasje, brann og krig. For de

24. Sjå til dømes Sweet 2004: 34, som knyter den antikvariske rørsla i England på 1700-talet direkte til eit forsøk på å klargjere nasjonshistoria og nasjonalt opphav.

25. Sjå innleiinga til den siste utgåva (de Fine 1987).

26. Sweet 1997: 2.

27. Løyland 2006: 150.

28. Sjå Eriksen 2020 med vidare referansar til delar av den internasjonale litteraturen som finst på området.


29. De Fine gjev fleire andre eksempel, blant anna ved å vise til at skriftene til Tormod Torfæus «...bleve adspredde og aldeles forkomne...» (Løyland 2006: 132).

30. Røgeberg 2003: 131.

31. Røgeberg 2003: 300.

32. Røgeberg 2003: 206.

Fine var tapet òg eit resultat av ein ideologisk faktor, nemleg saneringa av dokument under reformasjonen. De Fine peiker på at det i amtet eksisterte langt fleire slike dokument tidlegare, i den katolske perioden, men at «alle ældgamle documenter bleve i reformationen opbrændte...».³³ Det er vanskeleg ikkje å gje de Fine rett, sjølv om omfanget er vanskeleg å kartlegge. De Fine er den einaste av embetsmenna som peikar på intendert øydelegging av antikvarisk materiale, men andre kjelder stadfester at store mengder dokument frå klosterarkiv gjekk tapt anten gjennom å bli øydelagde eller ved å bli nytta til andre føremål.³⁴



Illustrasjon 2. Fogden Iver Wiel i Ringerrike og Hallingdalen fogderi leverte ein utfyllande historisk-topografisk framstilling til undersøkinga i 1743.

Kilde: Iver Wiel, *Beskrivelse over Ringerige og Hallingdahls Fogderie*, 1743.

Lokal historieforståing

Spørsmål 40 og 41 er opptekne med kartlegging av historiske leivningar, men siste lekk av spørsmål 41 er formulert på ein slik måte at det opnar for ei rudimentær vurdering av kva historisk kunnskap lokale embetsmenn sat inne med. Her blir det nemleg spurt om å vurdere amtets leivningar i ljøs av det som finst av historisk-topografisk litteratur: «Om derom vides at nogen auctor exempli gratia Olaus Wormius eller andre vore skribentere kunde have meldet, om sligt er accurat, eller hvad deridu kand være feylet.»³⁵

33. Løyland 2006: 132.

34. Sjø til dømes Rian 2013: 82–83.

35. Røgeberg 2003: 52.

Det er i ljøs av dette spørsmålet at me veit at amtmann Tønder kjente til ikkje berre Jonas Ramus, men òg «andre korte Norgis beskrivelse herom», slik som den danske krønikeskriveren Saxo Grammaticus og Snorre Sturlason. Mykje tyder på anten at amtmannen sjølv eigde desse verka, eller at dei var tilgjengeleg i miljøet kring han. Det er ingen grunn til å tvile på Tønder når han hevdar at han har lest Saxo: «...ieg erindrer mig at have læst udi Saxone Grammatico.»³⁶ Ei kvantitativ oversikt syner at den historiske litteraturen som blir eksplisitt referert til i svara, utgjer eit distinkt lite korpus som kombinerer mellomalderens sagalitteratur og meir samtidig historisk-topografiske verk.³⁷



Tabell 1

	Østfold, Akershus	Hedmark, Oppland	Buskerud, Vestfold, Telemark	Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane	Møre og Roms- dal, Sør-Trøndelag, Nord-Trønde- lag, Nordland, Troms	
Snorre Sturluson	4	3	4	26	7	44
Jonas Ramus	4	10	35	2	11	62
Saxo Grammaticus			1	2	1	4
Tormod Torfæus		2	2	3		7
Peder Clausson Friis	1	3	3	6		13
Jens Lauridsen Wolf			2	12	1	15
Ole Worm	6	4	11	2		23
Gert Miltzow				2		2
Ludvig Holberg	3		5	3		11
Paul Juel		1	2			3

36. Mordt 2008: 38.

37. Eg har berre inkludert forfattarar og verk som blir nemnt minst to gonger. Eg har òg sett som krav at referansane må vere i brødtæksten. Det vil seie at referansar i noter eller marginalia ikkje er inkluderte – i dei få høva dette gjeld.

Kanskje med unnatak av Paul Juel er dette kjente namn i 1600- og 1700-talets historisk-topografiske litteratur. Oversikta tilkjennegjev ein fungerande bokmarknad, sjølv om materialet ikkje gjer oss i stand til å avgjere i kva grad marknaden var norsk.³⁸ Det avgrensa utvalet av mellomalderens historieskriving må nok delvis sjåast i samheng med den samtids-historiske orienteringa i undersøkinga, men det er nok òg ein refleksjon av kva lokale embetsmenn hadde for handa og vurderte som relevant for oppdraget. Av sagalitteraturen dominerer Snorre, men det må understrekast at 25 av dei 26 referansane til Snorre i band 4 stammar frå de Fines omfattande svar.³⁹ I så måte har Jonas Ramus ein særskilt posisjon. Langt dei fleste referansane er til *Norriges beskrivelse* (1715/1735), men det ser faktisk ut som einiskilde òg har lest *Ulysses & Othinus unus & idem* (1702). Snorre og Ramus er elles dei einaste som blir referert til i alle stiftamta.

I ljos av det avgrensa utvalet av historisk-topografisk litteratur som bokhistoriske undersøkingar har brakt på det reine, er lista ganske imponerende. Fleire av desse er, ikkje overraskande, gjengangarar i Gina Dahls undersøking av geistlege boksamlingar mellom 1650 og 1750, i all hovudsak Ramus, Torfæus, Miltzow og Holberg.⁴⁰ Dansk dominerer, men det finst òg referansar til verk som i samtida berre fanst i latinsk språkdrakt – i all hovudsak Torfæus og Ramus. Om Snorre kan ha blitt lest på norrønt, er vanskeleg å seie sikkert, men mykje tyder at det var Peder Clausson Friis' omsetjing som blei nytta (*Norske Kongers Chronica* (1633)). Basert på både tal og fordeling endar me opp med ti forfattarar: Snorre, Ramus, Saxo, Torfæus, Friis, Wolf, Worm, Miltzow, Holberg og Juel.⁴¹ Miltzows lokalhistorie for Voss og Hardanger har meir avgrensa relevans, og dette forklarar at han berre blir referert til to gonger. For somme av desse ti – Snorre, Wolf og Torfæus – er referansen til eit einiskild verk, medan det for resten gjeld at fleire verk av same forfattar er referert.

Spørsmålet om embetsmenna hadde ei overflatisk kjennskap til korpuset, eller om dei kjente det i djupna, er vanskelegare å svare på. Einiskilde, som Tønder, synleggjer ei orientering i djupna. Det finst nokre andre slike sjølvbiografiske innslag, slik som når sokneprest Herman Ruge fortel at: «Jeg har læst i Thorfæi Hist. Norv. endskiøndt jeg erindrer ikke stædet og har ey bogen ved haanden...»⁴² Den same Ruge fortel òg at: «Efter Thorfæum, om jeg ræt erindrer mig hans Norske Historiæ 2den partes 1.bog 2det capitel...»⁴³ Inntrykket er at dei fleste må ha hatt direkte tilgang til verka. Mange observasjonar dreier seg som nemnt om at tidlegare historisk-topografiske verk allereie har omtale det som finst av antikvitetar i amtet. Feilaktige attgjevingar er det ikkje mange av. Referansane blir vanlegvis òg følgd av tilvisingar til kapittel eller sidetal. Sorenskrivar David Christian Sommerfeldt i Toten, Vardal, Biri og Redal sorenskriveri har openbart detaljert kjennskap til Ramus' *Norriges Beskrivelse*: «Saa findes her og paa gaarden Alfstad...een lang opreist steen, saadan som Ionas Ramus haver omskrevet udi sin Norges Beskrivelse pagina 87.»⁴⁴

38. Sjå Byberg 2017 for ei framstilling med vekt på bokauksjonar. Byberg 2011: 168 peiker vidare på at «historiebøker ble kommersielt gangbare på 1700-tallet», medan Eide 2009: 150 syner til at bøker om historie utgjorde ein integrert del av private boksamlingar og leseselskap kring 1800. Sjå òg Bull 2015.

39. Sjå Jørgensen 2013: 121, som meiner at «det er lite trolig at den norrøne litteraturen nådde særlig langt utenfor de lærde kretser på 1700-tallet».

40. Dahl 2010.

41. Dei forfattarane som berre blir nemnt éin gong, er ikkje med i oversikta: Hermann Hamelmann, Erik Pontoppidan, Olaus Magnus, Henrik Ovesen Pflug, Johan Huebner, Otto Sperling d.y og Thomas Bartholin. Fleirtalet av desse blir ikkje rekna som historisk-topografiske forfattarar, men i svara blir dei referert til i samband med historisk-topografiske spørsmål. I tillegg finst det generiske referansar – til «norske chrøniker», «de gamle schribentere», «historieskrivere» og «historierne».

42. Røgeberg 2004: 285.

43. Røgeberg 2004: 285.

44. Røgeberg 2004: 135.

Om det finst få feilaktige attgjevingar, blir verk og forfattarar stundom blanda saman. Det kan vere verk av same forfattar som blir blanda saman: «...saadanne bøger som Wormii Literatura Runica og hans Lexicon Runicum.»⁴⁵ Her blir det truleg sikta til Worms *Monumenta Danica* (1643), som inneheld fem bøker om runeminnesmerker og ei bok om andre antikvitetar. I andre høve er det forfattarar som blir forveksla, og særleg gjeld dette Snorre og Peter Clausson Friis: «Snorre Sturleson skriver i sin Norges Beskrivelse om Hammer bye pagina 36ve.»⁴⁶ Referansen er til Friis' *Norriges och Omliggende Øers sandfærdige Bescriffelse* (1632). Samanblandinga – både her og andre stader⁴⁷ – kan truleg forklarast ved at Friis stod bak omsetjinga av Snorre, utgjeve i 1633 under namnet *Norske Kongers Chronica*. Snorre blir òg tillagt æra for å ha forfatta sagaen om Håkon Håkonsson: «Paa een liden holme strax ved Ringsager præstegaard skal sees nogle rudera af et fæste som Snorre Sturleson i sin chronica melder at kong Haagen Haagensen skal have bygget i Miøs...»⁴⁸ Denne feilen finst det fleire av.⁴⁹ Det er mogeleg at embetsmennene blanda saman Snorre og nevøen Sturla Tordsson, forfattaren av *Håkon Håkonssonssaga*. Men i ljøs av den inngåande kjennskapen fleirtalet av desse lokale embetsmennene målber, er det nok meir truleg at dei nytta Friis' utgåve av Snorre, som òg inkluderer *Håkon Håkonssonssaga*, men utan at det går klart fram at forfattaren er Sturla Tordsson.⁵⁰

Om lokale embetsmenn opererte med eit distinkt korpus av historisk-topografiske verk, er det langt vanskelegare å svare på spørsmålet om kva historie var for desse embetsmennene. Forsking på både europeisk og norsk historieskriving har konkludert med at historie blei forstått på mange ulike måtar. Dette gjeld for den skrivande eliten, sjølv om både Tormod Torfæus (kongeleg historieskrivar) og Gerhard Schøning (historikar ved akademiet i Sorø) hadde ei relativt distinkt oppfatning knytt delvis til tanken om historie som «livets læremeister» (*magistra vitae*), delvis til det det metodiske.⁵¹ Refleksjonane frå embetsmennene er få, og dei som finst, er ikkje enkle å få grep om. Ikkje overraskande er det Iver Wiel som er mest utførleg. Innleiingsvis diskuterer nemleg Wiel tidlegare skribentar, Clausson og Ramus: «...ieg baade admirerer deres fliid, og finder hos dem accuratesse, men ingen kand joe og nægte, at een stoer deel kunde udførligere og til større behag udføres...»⁵²

Stikkorda hjå Wiel – flid, det å vere nøyaktig og utførleg – er velkjende frå samtidige diskusjonar. Stikkorda står i samband med ei oppfatning av at historieskriving er ein vanskeleg og tidkrevjande aktivitet. «Behag» er derimot knytt til formidlingssida, avleia frå ei samtidig oppfatning om at historieskriving òg skal vere underhaldning. Wiel tematiserer derimot verken den moralske komponenten til historie, knytt til tanken om *magistra vitae*, eller den metodiske dimensjonen, gjerne sett i samband med spørsmål om korleis gå fram for å nå sann kunnskap om fortida. I den grad Wiel opererer med kjeldekritikk, er det ved å skilje mellom det han kallar «tradition», og som syner til all kunnskap om fortida, og «historierne» kor fablar og det mirakuløse er tatt vekk.⁵³

45. Røgeberg 2005: 115.

46. Røgeberg 2003: 70.

47. Sjå Røgeberg 2003: 131; Røgeberg 2005: 66.

48. Røgeberg 2003: 136.

49. Sjå Røgeberg 2003: 270; Røgeberg 2004: 39; Røgeberg 2004: 118.

50. Sturlesøns 1633.

51. For Schøning, sjå særleg fortalen til band av *Norges Riiges Historie* (Schøning 1771). Torfæus innleier *Historia rerum Norvegicarum* med ein lang refleksjon kring metode og historiografi (Torfæus 1711).

52. Røgeberg 2005: 90.

53. Røgeberg 2005: 97, 99, 126.

Historisk-topografisk refleksjon

Den andre lekken i spørsmål 41 opnar som nemnt for diskusjon og korreksjon, i kraft av at det blir spurt om det tidlegare skribentar har meldt, er «accurat» eller «feylet». Det store fleirtalet av dei som svarer på spørsmålet, har ingen kommentar til tidlegare topografisk-historiske framstillingar. Dei svara som inneheld slik historisk-topografisk refleksjon, er av tre typar. Det eg vil kalle «topografisk stadfesting», dreier seg om at hendingar eller monument skildra i skriftlege kjelder blir stadfesta av topografiske monument som framleis fint i amtet. Vanlegvis krinsar slik stadfesting om den eldste historia, slik som amtmann Tønders refleksjon over krossen til kong Olav i Sundmøre fogderi: «Om kaarset er af kong Ole først opreist, kand icke forviist siges, men det er ganske sickert, at hand reiste der igiennem, thi dend gamle islandske historieskriver Snorro Sturlesen forteller det i sin norske chronice...»⁵⁴

Slike topografiske stadfestingar følgjer stort sett same mønster, samstundes som dei synleggjer eit distinkt historiesyn. Skriftlege kjelder har stor autoritet – dei framstiller ei sann fortid. Sokneprest Morten Ruus i Fjelberg prestegjeld melder såleis dette om Bergen stift og kjøpstad: «...da er mig intet videre bekant, end hvad herr Peder Clausen i sind Norges Beskrivelse trykt i Kiøbenhavn 1727 in 8vo pagina 62 et sequor, og herr assessor Ludvig Holberg i sin Bergens stadsbeskrivelse derom haver skrevet.»⁵⁵ Skrift, i dette tilfellet historieverka til Clausson og Holberg, blir tillagt epistemologisk forrang: Dei topografiske monumenta blir ikkje handsama på sine eigne premissar, men tener som sekundær stadfesting av ei hending eller eit monument avleia frå skriftleg historieskriving. Det slår aldri dei lokale embetsmenna at monumenta kan høyre til ein heilt anna historisk kontekst enn det som skriftleg historieskriving tillegg monumentet. Ved at samtidige topografiske monument blir sett på som reine stadfestingar av fortidige hendingar, forsvinn alle tankar om historisk utvikling. Historiesynet er grunnleggjande statisk. Det blir sjeldan nytta årstal,⁵⁶ det som finst av periodisering tek vanlegvis utgangspunkt i reformasjonen, og refleksjon kring historiske vendepunkt er fråverande. Denne observasjonen frå prost Michael Stub i Stadsbygd prestegjeld er i så måte representativ: «Det / er \ bekant af De Norske Chrønicher at det fordum har været et nonnecløster, som har haft en abetisse, men / i \ reformationens tid er seculariseret med andre clostere og lagt under cronen.»⁵⁷

Historieskriving har altså stor autoritet – heilt i tråd med samtidas haldning. Graham Parry peikar blant anna på at sjølv om materielle leivingar fekk større merksemd på 1600-talet av engelske antikvarar, hadde bøker og dokument klart størst autoritet.⁵⁸ Men kva skjer i dei tilfella kor antikvariske monument ikkje kan avleiaast frå tidlegare historieskriving? Vanlegvis blir slike monument berre skildra utan vidare refleksjon, men ein sjeldan gong blir det gjort forsøk på å diskutere dei antikvariske leivningane. Presteenke Cassuben, som meinte at det låg fleire kyrkjer og kloster av marmorstein under prestegarden, viser til eit latinsk vers murt inn i den nye kyrkja: «Til beviis herpaa er end at læse et latinsk vers indgraven i en veegsten, som findes indmuuret inden i kircken paa den østre veg af bemelte kaars, hvis begyndelse er denne: Ex templo Petri et Margritæ conditur unum. etc.»⁵⁹

Den andre typen av topografisk refleksjon er karakterisert ved at han gjennom å vise til topografiske monument avviser hendingar og monument frå skriftleg historieskriving.⁶⁰

54. Mordt 2008: 49

55. Løyland 2006: 195.

56. Svaret frå presteenke Clara Cassuben er her eitt unnatak (Mordt 2008: 79).

57. Mordt 2008: 112.

58. Parry 1995: 3.

59. Mordt 2008: 79.

Svara inneheld få slike refleksjonar, men dei som finst, er desto meir interessante, sidan dei indikerer ei noko meir djuploddande historisk forståing. Særleg er det interessant å sjå på kva måte og med utgangspunkt i kva kjeldemateriale slike avvisingar blir presenterte. Eit eksempel er når de Fine peiker på at: «Den gamle udhugne kirkedør, med runnebogstaver paa, som D. Worm skriver at have været i Lunde kirke, er nu ikke meere til, ikke heller veed hverken præsten eller bønderne, end ikke de ældste, at have nogen tiid seet eller hørt tale om saadan kirkedør.»⁶¹ I møtet med skriftleg autoritet (Worm) ser altså de Fine seg nøydd til å tilføre autoritet til vitna. I fråværet av andre skriftlege kjelder blir augevitneskildring her eit nøkkelord. Truverdige augevitne, anten forfattere sjølv eller andre med sosial status, blei rekna som like autoritative som skrift på 1600- og første del av 1700-talet.⁶² Det er i eit slikt ljøs me lyt forstå dei stega de Fine tek for å autorisere sine munnlege kjelder. I tillegg til at han presenterer seg sjølv som vitne, får kritikken ytterlegare tyngd og autoritet ved at vitna er «mange» og «gamle». Munnlege vitne blir òg trekt inn i andre samanhengar, slik som når sorenskrivar Kristen Mikkelsøn Paludan i Ringerike og Hallingdalen reflekterer over forholdet mellom informasjon frå skriftlege og munnlege kjelder: «...mens angaaende saadant ieg ikke forhen finder skrevet om, saavit ieg har kundet udspørge angaaende gamle traditioner og heedenhauger, da bestaar det udj følgende...»⁶³

Den tredje typen topografisk refleksjon er meir konstruktiv og tek sikte på å supplere eksisterande historisk-topografiske verk. Kapellan Hans Jørgen Helsing i Skogn prestegjeld i Nord-Trøndelag har såleis dette å melde under posten antikvitatar: «... jeg vil ved denne post anføre om et gammelt munckekloster, hvis rudera findes paa gaarden

Munchebye i Levangers sogn 1 ½ fierding fra søen hvorom magister Jonas Ramus icke har mældet, naar han opregner closterne i Tronhiems stift og amt.»⁶⁴ Slike supplement finst det fleire av, frå ulike kantar av landet.⁶⁵ Det er innanfor denne tredje typen at dei meir sofistikerte refleksjonane dukkar opp, karakterisert ved at lokalt topografisk materiale blir nytta som utgangspunkt for dialog med tidlegare historieskriving:

Derneft vidner den meget skønne og derhos gamle, saakaldet sankt Svetonii kirke (Sturl. pag. 246), om Stavanger byes ælde, men hvad tiid samme kirke egentlig er bygt, om det er skeed i kong Magni Barfods tid, som Jens Larsen Wulfudi sin Norge Beskrivelsse 1651 pag. 38 anfører, at Stavanger kirke er bygt anno 1013, som cipheret, der er udhuggen i muuren tilkiendegiver, hvor nu aastallet umelig nogen steds for overkalking kand findes, vides derfor aastallet ikke, men derudi har dog Jens Larsen Wulf feilet, at hand foregiver kong Magnus Barfod at have regieret i Norge 1013, da Svend og Hagen jarler den tiid raadde for landet (Sturl. 190), og Magnus Barfod begyndte sit regimente 1093, som var 80 aar efter den tiid (Sturl. pag. 386).⁶⁶

Det kan diskuteras om de Fines diskusjon om Svetonii kyrkje i ljøs av spørsmålet om Stavanger alder fortener merkelappen sofistikert. I ljøs av dei andre typene av topografisk refleksjon er han utvilsamt det. Denne typen diskusjon finst det òg mange av i den samtidige historieskrivinga, blant anna hjå Tormod Torfæus. Utgangspunktet for Torfæus, som

60. For andre eksempel, sjå Røgeberg 2005: 91, 101, 105, 115, 117, 120, 168, 180. Røgeberg 2004: 200, 203, 200.

61. Løyland 2006: 104.

62. Sjå Shapiro 2000: 84.

63. Røgeberg 2005: 66–67. I framstillinga av ein jordhaug som kanskje inneheld ein av dei gamle Ringerikekongane, viser Paludan vidare til det han «af ældgamle folk at de har af deres forfædre hørt sige, at bemelte gaard Helgeland i formaals tider er bleven kaldet Strittuland...hvorom og Ione Rami...handler...» (Røgeberg 2005: 77). Sjå òg Iver Wiels liknande refleksjon om denne jordhaugen (Røgeberg 2005: 98).

64. Mordt 2008: 134.

65. Løyland 2006: 200 og 249–250; Røgeberg 2005: 33.

66. Løyland 2006: 110.

for de Fine, er på den eine sida ei oppfatning av at skriftleg historieskriving – og då særleg den eldste og i dette tilfellet representert av Snorre – er autoritativ og sann. Topografiske monument blir i langt dei fleste høva nytta for å stadfeste det skriftleg historieskriving har formidla. Historikarar som Torfæus og Schøning opererte i tillegg med eit i større eller mindre grad klart definert hierarki over tidlegare historieskriving. Alder er her eit sentralt kriterium, men for Torfæus spela òg tidlegare resepsjon ei viktig rolle. De Fine vurderer ikkje tidlegare historikarar eksplisitt, men dei mange referansane til Snorre gjer at me trygt kan plassere han øvst i hierarkiet – som tilfellet òg er med Torfæus. Med eit slikt utgangspunkt er det enkelt å avvise eit langt yngre historieverk, som *Norrigia illustrata* av Jens Lauritsen Wolf frå 1651. Snorre med sin autoritet blir stadfesta av de Fines eigne observasjonar – med den konsekvensen at Wolfs tankar om alderen til Stavanger er fullstendig avviste.



Illustrasjon 3. Peter Reimers maleri av Peder Clausson Friis (1545–1614) fra Valle kirke. Clausson Friis gav i 1613 ut det historisk-topografiske verket, *Norriges Beskrivelse*.

Foto: Kolbjørn Andersen/Wikimedia Commons.

Opplysningstidas historiesyn og tilnærminga til det overnaturlige

Noreg var midt på 1700-talet ramma inn av dei tankerørslene som gjerne blir knytt til opplysningstida. I så måte reflekterer heile kartleggingsprosjektet eit syn på korleis ein viss type kunnskap – topografisk og økonomisk – kunne tene den dansk-norske staten. «Opplysningstida» er eit utfordrande omgrep, men i denne samanhengen dreier det seg om ei tru på

fornuftstenking, gjerne knytt opp mot samfunnsnytte – «en forsiktig rasjonalisme kombinert med en viss interesse for naturhistoriske og topografiske undersøkelser».⁶⁷ Om omgrepet er problematisk, er det minst like vanskeleg å etterrøke kva sider ved slikt tankegods som fann vegen ned i lokalsamfunnet. I eit forsøk på å spore opplysningsidear blant dei geistlege på Nordvestlandet gjennom ei bokhistorisk undersøking peiker Oddvar Vasstveit på at det nettopp slett ikkje er sikkert at prestane las bøkene sine.⁶⁸ I ein slik samanheng kan kartleggingsprosjektet tene som kjeldemateriale: I kva grad og på kva måte er svara prega av opplysningstankar?

Svara er for det første lite opptekne med religion og Guds rolle i den historiske utviklinga. Eit slikt funn står, interessant nok, i kontrast til den vekta på Guds styrande hand som blant andre Øystein Viken og Thomas Slettebø har identifisert i regimets propaganda.⁶⁹ Funnet harmonerer på den andre sida med den praktiske og kunnskapsorienterte praksisen som Hallgeir Elstad meiner karakteriserte fleire prestar i opplysningstida.⁷⁰ Det finst rett nok einskilde referansar til Guds nærvær – til dømes knytt til sunt klima og godt vær,⁷¹ rik fangst og avlingar⁷² og fråvær av sjukdom og epidemiar⁷³. Desse dukkar i all hovudsak opp i svara frå Kristiansand og Bergen stiftamt, og dessutan frå den vestlege delen av Akershus stiftamt. Meir djuptloddande innslag av kristen historie-filosofi er òg fråverande. Fogd Anders Tostrup talar rett nok om «Guds regjering» i samband med ei historie om dyr som ikkje døde av alderdom,⁷⁴ men det er vanskeleg å tolke dette som noko anna enn eit fenomen som fogden rett og slett ikkje forstod – og dermed løfta over i den religiøse sfæren.

I så måte representerer Iver Wiel eit unnatak. Ikkje berre finst det langt fleire referansar til Guds aktive hand, men dei femnar òg langt vidare enn *topoi*-liknande referansar til vær, avlingar og sjukdom. Attåt slike – som òg finst hjå Wiel⁷⁵ – står passasjar kor Gud blir tillagt ei langt meir inngripande rolle. Wiels Gud grip inn mot fromme individ og reddar dei frå døden.⁷⁶ Wiels Gud styrer òg den historiske utviklinga på eit meir overordna nivå. I passasjar som mest av alt liknar på dei me finn i mellomalderens historieskriving, blir Gud han som styrer landet gjennom gode og dårlege tider. For Wiel er det Gud som gjev landet «goede aar og freed»: «Dog giver gud, som i aar fremdeeles goede aar og freed, kand mand have haab, de i tiide kand reyse sig, men havde deres kongelige mayestæt i den dyre tid...»⁷⁷ Men det er òg Gud som straffar landet gjennom dyrtid: «Thi at de i afvigte dyre og slette aaringer er bleven saaa forarmede, maae ingenlunded tilskrives deres ladhed, ikun Gudz retfærdige straf, der har hiemsøgt dem med fleere med dyrtid...»⁷⁸ Slik observasjonar kring Guds styrande hand finst det mange av i norsk historieskriving frå 1500- og 1600-talet – kor Absalon Beyers *Om Norigs Rige* frå 1567 markerer eit høgdepunkt når det gjeld bruk av kristen historiefilosofi. For Absalon dreier det seg blant anna om ein teori kor det norske

67. Gilje og Rasmussen 2001: 376.

68. Vasstveit 2016: 23.

69. Viken 2017; Slettebø 2017.

70. Elstad 2007: 113.

71. Røgeberg 2005: 233.

72. Løyland 2006: 102; Røgeberg 2005: 213; Røgeberg 2005: 314.

73. Røgeberg 2005: 315; Løyland 2006: 197; Løyland 2006: 314; Løyland 2006: 334; Røgeberg 2005: 281; Røgeberg 2005: 315.

74. Løyland 2006: 37.

75. Røgeberg 2005: 131; Røgeberg 2005: 137.

76. «Nu maae mand enten siige, at drengen har vidst at broen var svag, eller maae mand lade det blive eet beviis, paa Guds særdeles beskiærmelse» (Røgeberg 2005: 158).

77. Røgeberg 2005: 135.

78. Røgeberg 2005: 140.

riket utviklar seg langs syklusar av vekst og fall som strekkjer seg over fem hundre år.⁷⁹ Wiel går langt frå så langt som Absalon, men han er likevel den einaste i dette korpuset som til eignar Gud ei distinkt rolle i den historiske utviklinga.

Wiel er òg han som går lengst når det gjeld eit andre trekk nær knytt til opplysningstida og opplysningstenking, nemleg ei kritisk og tidvis fordomsfull innstilling til bønder og lågare lag.⁸⁰ Fordommar mot lågare sosiale lag er slett ikkje eit nytt fenomen – sjølv om skiljet mellom høgkultur og lågkultur truleg var mindre markant enn andre stader.⁸¹ Det er likevel mogeleg at opplysningstida forsterka fordommar ved å leggja ytterlegare vekt på opplysning som eit grunnleggjande sivilisasjonshistorisk trekk. Somme av Wiels observasjonar leier i ei slik retning. Faktisk føler Wiel seg tvinga til innleiingsvis å rettferdiggjere at han innlemmar slike «utroelige historier eller fabler»:

At ieg desuden har andført utroelige historier eller fabler er skeed, fordi mit øyemeed eller forsætt har været ingen munstring at holde over, hvad der fortaltes af bønderne, men fortælle det alt uden at forkaste noget, af frygt ieg tillige skulde af uviidenhed forkaste det, som om det var kommen i een habil, og i historier og antiqviteter beløben mands hænder, kunde have været henført til noget vist, og enten have lys af, eller give de gamle historier lys, der for har ieg heller vildet overlade til andre at forkaste, end forkaste selv.⁸²

Denne observasjonen må forståast ut frå Wiels generelt kritiske, skeptiske og fordomsfulle haldning til lågkulturen.⁸³ Refleksjonen skil seg likevel ikkje vesentleg frå samtidige historikarars forsøk på å rettferdiggjere innlemminga av myter og framstillingar av det overnaturlige frå sagalitteraturen. Skilnaden er at medan til dømes Torfæus grunnjev innlemming av slikt stoff ved at det tilfører kontekst, ein forståingshorisont, er det nettopp ved å understreke at han ikkje har slik kompetanse, at Wiel rettferdiggjjer innslaget av «utroelige historier eller fabler». Wiel er ikkje åleine om å syne ei fordomsfull, men samstundes ambivalent haldning til folkekulturen. Denne observasjonen, frå sokneprest Thomas H. Aarøe i Jevnaker prestegjeld, er eitt av fleire eksempel: «Saasom tilladelse er forundt at schrive, hvad sagen er, uden at føre authoris nafn, saa fortælles iblant bønderne, dette...»⁸⁴

Det tredje trekket dreier seg om skepsis og ei tidvis kritisk haldning til det overnaturlige. Hjå Iver Wiel er det ikkje sjeldan bøndene som legg fram mirakuløse historier: «Bønderne ere overflødige, i at tillægge kong Oluf miracler, men ieg finder icke noget i hans heele levnet, hvorfore saadanne dona miraculosa især skulde være nedlagt hos ham.»⁸⁵ For sokneprest Torstein Hoel i Norddal prestegjeld er det sameleis mirakelhistorier knytt til Olav den heilage som blir kritisk etterrøka: «De miracler, som endnu fortælles, at St. Ole skal have gjort, da han reiste her, vil jeg ikke andføre, saasom de aabenbarer sig selv at være fabler, opdigtede i de nyere tiider.»⁸⁶ Refleksjonane liknar slåande på tilnærminga til mirakel og det overnaturlige hjå Tormod Torfæus. Torfæus, som innleiingsvis syner ei brei kjeldekritisk orientering, inkluderer som dei lokale embetsmenna ei rekkje mirakel og overnaturlige hendingar: dei er openbart for viktige til ikkje å bli innlemma, men på same tid er dei for

79. Sjå den lange innleiinga til *Om Norgis rige* for Absalons bruk av denne teorien – lånt frå Philip Melanchton (Beyer 1968: 1–11).

80. «Jamnt over er embetsmennene kritiske når det gjeld folks skikkar og åtferd» (Djupedal 1950: 317).

81. Sjå Gilje og Rasmussen 2001: 13.

82. Røgeberg 2005: 90.

83. Ved eit høve nyttar Wiel omgrepet «bøygdesagn» for å omtale framstillingar som ikkje er til å lite på (Røgeberg 2005: 77).

84. Røgeberg 2004: 190.

85. Røgeberg 2005: 112.

86. Mordt 2008: 100.

prega av katolsk overtru til at dei kan fungere som noko anna enn historisk kontekst – nett-opp i form av å målbera eksempel på overtru. Ei slik kritisk haldning er verken hjå embetsmenna eller hjå Torfæus uttrykk for eit sekulært verdssyn, men truleg eit resultat av ei kritisk haldning til den katolske perioden, forsterka gjennom opplysningstidas vekt på fornuft og naturlege forklaringar.⁸⁷

Den som går lengst i å omfamne opplysningstidas kritiske haldning til det overnaturlige gjennom å dra inn naturlige forklaringar, er major Peter Schnitler frå Nordland amt:

Af denne Saltensfiordz naturlige fasthed vill nu vel Snuro Sturleson i kong Ole Tryggesons historie forklares: Om hvilken han fortæller, at han paa sin nordreise havde ligget 3de uger for Saltfiorden, uden at kunde komme ud for storm. Og paa hans tilbagerejse, der han kom for Saltfiorden, blæste stormen der, ligesom tilforn. See Jonas Ramus ibidem. Hvilket den tidz overtroe tilskrev Raud, eller Rød...hans forfarenhed i finnekosten. Men det er slutteligt, at denne Raudes konst har bestaaet eene i den sikkerhed og tillid, han har kundet have til sine 3de strømme. Der forsvarede jndløbet af Saltensfiord, hvilke ingen fremmed uden lodz vel torde passere.⁸⁸

Samanlikna med de Fines diskusjon av Svetonii kyrkje i ljøs av spørsmålet om Stavanger alder har denne refleksjonen eit heilt anna forankringspunkt. Der de Fine etablerer dialog mellom skriftlege framstillingar og topografiske leivningar, er det ein kombinasjon av fornuftsargument og naturlege forklaringar som gjer at Schnitler avviser dei mest autoritative skriftlege framstillingane av Olav Tryggvasons reise nordover. Medan Snorre så vel som Ramus viser til magi, «finnekosten», blir «den tidz overtroe» avvist av Schnitler. I staden blir forklaringa avleia frå at Raud rett og slett hadde eigen erfaring og kunnskap om Saltfjorden og straumane som gjorde fjorden uhyre farleg å ta seg over.

Er det, i ljøs av desse observasjonane, mogeleg å konkludere om lokale embetsmenns forhold til tankegods frå opplysningstida? Inntrykket er ei varsam og selektiv tilnærming til tankegodset. Det er i den samanhengen vanskeleg å sjå store endringar om 1600-talets historiske og topografiske litteratur er samanlikna med den frå 1700-talet: Det religiøse får noko mindre tyding, samstundes som innslaga av kritikk av overnaturlige fenomen og fablar – religiøse som verdslege – blir fleire. Det er kanskje ikkje tilfeldig at det einaste dømet på bruk av naturleg forklaring er frå pennen til ein major – ikkje ein geistleg.

Avslutning

Denne diskusjonen av lokal historieforståing i Noreg på første del av 1700-talet kan munne ut i to ganske så ulike konklusjonar. På den eine sida er det mogeleg å peike på eit medvit om verdien av å ta vare på leivningar, og dessutan forklaringar på kvifor det finst få antikvitatar og kuriositetar. Sameleis syner analysen av kva dei las, og korleis dei las eit korpus av historisk-topografisk litteratur, ein rimeleg kjennskap til denne litteraturen. Dei etter måten mange kritiske refleksjonane av historisk-topografisk art styrkar inntrykket av ei diskuterrande lokal ålmente av embetsmenn. På den andre sida er det viktig å hugse på at dei fleste svara har lite eller ingenting å melde når det gjeld antikvitatar, skriftlege leivningar som kongebrev og privilegium. Om mangelen på svar inneber at det faktisk ikkje var noko å rap-

87. Det manglar i denne samanheng ikkje på kritiske tilnærmingar til det overnaturlige som er oppteken med heidendommen. Dette gjeld blant anna sokneprest Thomas H. Aarøe i Jevnaker prestegjeld, som knapt kan seiast å målbera opplysningstidasekularisme: «La den ofvertroe forgaa, og blive borte, ved deries /gode/tilvext i herrens frøgt, at self kunde i samtaler opbygge hinanden ved den christelige tro til gode gierninger at udvise» (Røgeberg 2004: 190).

88. Mordt 2008: 341.

portere, eller at lokale embetsmenn mangla oversikt og innsikt, er ikkje godt å seie. Lokal variasjon må ikkje undervurderast, men i siste instans er det vanskeleg å forklare dei store skilja i orientering, innsikt og kunnskap utan at me endar opp på individnivå. I så måte blir amtmann i Romsdal som me møtte innleiingsvis, Christian Ulrik Tønder, eit unnatak: Tønder syner saman med ei handfull andre antikvarisk medvit, og dei er bidragsytarar i å oppretthalde lokal historieforståing. Utover desse stod det skralt til – eller i orda til Sorenskrivar Gjert Falch i Eiker, Modum og Sigdal sorenskriveri: «Herom vides iche noget.»⁸⁹

Takk til Svein Atle Skålevåg, Peter Hatlebakk, Magne Njåstad og Arne Solli.

Litteratur og prenta kjelder

- Beyer, A. P. (1968). Om Norgis rige. I G. Storm (red.), *To norske historisk-topografiske skrifter fra 1500-tallet* (s. 1–114). Universitetsforlaget.
- Bull, I. (2015). Leseopplæring og lesebehov i norske byer før 1750. *Heimen*, 52(3), 265–278.
- Byberg, L. (2011). «Jeg gikk i ingen Skole, havde min Frihed hele Dagen og Nøglen til hans Bogskab». Kvinnens lesning på 1700-tallet. *Historisk tidsskrift*, 90(2), 159–188.
- Byberg, L. (2017). Boken som formidlingskanal for kunnskap. I T. Bjerås & K. Dørum (red.), *Eneveldet før undergangen. Politisk kultur i Norge 1660–1814* (s. 294–321). Scandinavian Academic Press.
- Dahl, G. (2010). *Book Collections of Clerics in Norway, 1650–1750*. Brill.
- De Fine, B. C. (1987). *Stavanger amptes udførlige beskrivelse*. Dreyer bok.
- Djupedal, R. (1950). Den store innsamlinga av topografisk, historisk, og språkleg tilfang ved embetsmennene 1743 og «Det Kongerige Norge». *Heimen*, 10(1–3), 289–330, 337–362.
- Eide, E. S. (2009). Bønder og bøker – opplyst folkelighet omkring år 1800. *Nytt norsk tidsskrift*, 26, 2, 141–152.
- Eliassen, F.-E. (2010). Norge i 1743. *Heimen*, 47(2), 83–86.
- Elstad, H. (2007). «Min praxis er temmelig vidløftig». Nokre presteprofilar i opplysningstida i Noreg. *Norsk teologisk tidsskrift*, 108(2), 95–115.
- Eriksen, A. (2007). *Topografenes verden. Fornminner og fortidsforståelse*. Pax Forlag A/S.
- Eriksen, A. (2020). *Livets læremester. Historiske kunnskapstradisjoner i Norge 1650–1840*. Pax forlag A/S.
- Fet, J. (1995). *Lesande bønder. Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*. Universitetsforlaget.
- Gilje, N. & T. Rasmussen, T. (2001). *Tankeliv i den lutherske stat. Norsk idehistorie*. Bind II. Aschehoug.
- Herstad, J. (2003). De 43 spørsmål. En arkivnær introduksjon til politiske og administrative prosesser. I K. M. Røgeberg (red.), *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (s. 9–40). Solum.
- Jessen, E. J. (1763). *Det Kongerige Norge fremstillet efter dets naturlige og borgerlige Tilstand*. Gottmann Friderich Risel.
- Jørgensen, J. G. (2008). Tormod Torfæus og det fantastiske i sagalitteraturen. *Historisk tidsskrift*, 88(3), 475–490.
- Jørgensen, J. G. (2013). Norrøn inspirasjon på Eidsvoll. I O. Mestad (red.), *Frihetens forskole. Professor Schlegel og Eidsvollsmennenes læretid i København* (s. 108–123). Pax forlag A/S.
- Mikkelsen, J. (2018). De Jessenske Relationer i et langsigtet dansk perspektiv. I O. Alsvik, H. P. Hosar & M. Wiig (red.), *I dørtrekken fra Europa: Festskrift til Knut Sprauten i anledning 70-årsdagen 22. juni 2018* (s. 271–296). Nasjonalbiblioteket.
- Krefting, E., Nøding, A. & Ringvej, M. (2014). *En pokkers skrivesyge. 1700-tallets dansk-norske tidsskrifter mellom sensur og ytringsfrihet*. Scandinavian Academic Press.
- Larsen, S. (1999). *Med dragning mot nord. Gerhard Schøning som historiker*. UiT.
- Løyland, M. (2006). *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (Bd. 4). Solum forlag.

89. Røgeberg 2005: 199.

- Maliks, J. (2011). *Vilkår for offentlighet. Sensur, økonomi og transformasjonen av det offentlige rom i Danmark-Norge 1730–1770*. NTNU.
- Mordt, G. (2008). *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (Bd. 5). Solum forlag.
- Parry, G. (1995). *Trophies of Time. English Antiquarians of the Seventeenth Century*. Oxford University Press.
- Rian, Ø. (2010). Embetsmennene som observatører. Likheter og forskjeller i engasjement og holdninger. *Heimen*, 47(2), 95–107.
- Rian, Ø. (2013). Historie i tvangstrøye. Kongemakt og historieformidling i Danmark-Norge 1536–1814. *Historisk tidsskrift*, 92(1), 63–89.
- Røgeberg, K. M. (2003). *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (Bd. 1). Solum forlag.
- Røgeberg, K. M. (2004). *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (Bd. 2). Solum forlag.
- Røgeberg, K. M. (2005). *Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli* (Bd. 3). Solum Forlag.
- Sandnes, J. (1970). Lokalhistorisk litteratur til omkring 1900. I H. Bjørkvik, *Lokal historie og forskning og kulturarbeid gjennom 200 år* (s. 19–31). Universitetsforlaget.
- Schønning, G. (1771). *Norges Riiges Historie. Første Deel, indeholdende Riigets ældste historie fra dets Begyndelse til Harald Haarfagers Tiider*. Sorøe.
- Sejersted, J. M. & Olden-Jørgensen, S. (red.). (2014). *Historikeren Ludvig Holberg*. Scandinavian Academic Press.
- Shapiro, B. J. (2000). *A Culture of Fact. England, 1550–1720*. Cornell University Press.
- Slettebø, T. E. (2017). Eneveldets jubelfester. I T. Bjerås & K. Dørum (red.), *Eneveldet før undergangen. Politisk kultur i Norge 1660–1814* (s. 187–217). Scandinavian Academic Press.
- Sturlesøns, S. (1633). *Norske Kongers Chronica*. Martzan.
- Supphellen, S. (1979). Den historisk-topografiske litteraturen i Noreg i siste halvpart av 1700-talet, regionalisme eller nasjonalisme? *Heimen*, 18(4), 198–211.
- Supphellen, S. (2010). Noregs rikdomar: Dei 43 spørsmål i 1743 perspektiv. *Heimen*, 47(2), 87–93.
- Sweet, R. (1997). *The Writing of Urban Histories in Eighteenth-Century England*. Oxford University Press.
- Sweet, R. (2004). *Antiquaries. The Discovery of the Past in Eighteenth-Century Britain*. Hambledon.
- Torfæus, T. (1711). *Historiæ rerum Norvegicarum*. Pars prima. Joachim Schmitgenii.
- Vasstveit, O. (2016). Tidlige spor av europeiske opplysningsideer blant geistligheten på Nordvestlandet. *Heimen*, 53(1), 23–42.
- Viken, Ø. L. I. (2017). Den eineveldige talarstolen. I T. Bjerås & K. Dørum (red.), *Eneveldet før undergangen. Politisk kultur i Norge 1660–1814* (s. 153–186). Scandinavian Academic Press.
- Vine, A. (2010). *In Defiance of Time. Antiquarian Writing in Early Modern England*. Oxford University Press.
- Woolf, D. (2003). *The Social Circulation of the Past. English Historical Culture 1500–1730*. Oxford University Press.